




TILSTANDSRAPPORT BARNEVERN

Gloppen kommune 2024

Innhold

Innleiing.....	2
Bakgrunn for saka.....	2
Om barnevernet	2
Organisering	3
Kompetanse i tenesta.....	3
Kurs/ opplæring.....	4
Fagprogram	4
Student	4
Meldingar	5
Tal meldingar	5
Type meldar.....	5
Undersøking	6
Hjelpetiltak	6
Fosterheim	6
Barn under omsorg.....	7
Tilsynsbesøk	7
Ettervern.....	7
Akuttberedskap	7
Familieteam (tidlegare heimebasert tiltak).....	8
Deltaking i møter / samarbeid.....	9
Nøkkeltal, ressursar og økonomi.....	9
Økonomi – KOSTRA, samanlikning med nabokommunar	9
Rangering kommunebarometeret 2024 (basert på 2023 tal)	10
BUFDIR sin kommunemonitor – oversikt på grafar	10
Oppsummering.....	13

Innleiing

Bakgrunn for saka

I Barnevernsloven av 01.01.2023 er det innført krav om årleg rapportering til kommunestyret jf. § 15-3.

Tilstandsrapporten er ei kvalitetsmelding på område barnevern. Kommunen sin øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at barnevernstenesta forvalta i tråd med gjeldande regelverk og at tenestene som ytast er forsvarlege.

Årleg tilstandsrapportering er ein del av kommunen si plikt til internkontroll av barnevernstenesta jf. Kommuneleia § 25-1.

Om barnevernet

Barneverntenesta er ei lovpålagt teneste som gir hjelp og tiltak til barn og familieane deira.

Barneverntenesta har ansvaret for:

- Utreie saker og gjennomføre undersøkingar jf. Barnevernslova § 2-2
- Hjelpetiltak i heimen
- Plassering av barn utanfor heimen, enten ved at kommunen sjølv treffer vedtak (frivillig tiltak) eller ved at kommunen fremmer sak for Barnevern- og helsenemda (tvangstiltak)
- Oppfølging av barn som er plassert utanfor heimen
- Godkjenning av fosterheimar
- Forebyggande arbeid

Barnevernets arbeid handlar om både støtte og kontroll. Først og fremst skal det ytast hjelp og støtte slik at foreldra sjølv skal meistre omsorgsoppgåvene. Dersom hjelpetiltak ikkje er tilstrekkeleg har barnevernet ansvar for å gripe inn og plassere barnet utanfor heimen i ein kortare eller lenger periode enten frivillig eller via tvangstiltak.

Frå 01.01.2023 er det blitt tydelegare krav til dokumentasjon av dei faglege vurderingane og grunngjevingane for avgjerdene til barnevernstenesta. Plan for undersøkingar er eit krav. Retten til familieliv er sentralt og det skal kome tydeleg fram korleis dette er vurdert og tatt omsyn til.

Fleire av endringane i lova skal legge til rette for at begge foreldre vert involvert, sjølv om dei ikkje bur saman. Undersøkingar skal omfatte den heilskaplege situasjonen til barnet.

Ansvaret for det forebyggande arbeidet er tydeleg forankra i kommuneleiinga (Plan for det forebyggande arbeidet som kommunestyret har vedteke <https://gloppen.kommune.no/politikk-og-medverknad/kommunen-sine-planar-og-strategiar/tema-og-kommunedelplanar/#faqsporsmal-33>)

Utviklinga har gått i retning av at meir av ansvaret og utgiftene er lagt til kommunane. Utgiftene på tiltakssida er auka. Refusjonsordningane knytt til fosterheimar og institusjonar er tatt vekk.

Kommunen må stå for heile kostnaden sjølv.

Organisering

Barneverntenesta er organisert i oppvekst. Etter innføringa av Familiehuset i 2021 er tenesteleiar for Familiehuset barnevernsleiar sin næraste overordna.

I tenesta for 2024 er det 3 faste saksbehandlarstillingar, 2 familierettleiarar og 1 leiar. Det er også tilsett ein sakshandsamar mellombels 40% stilling frå nov 24 fram til 01.08.25.

Det vart i 2.halvår 2024 sett inn ein tilsett frå Gloppen kommune i 30% stilling for å arbeide i tiltak på ein familie. Denne tilsettinga varte fram til 31.12.24.

I desember vart det innleigd ein konsulent frå Barnevernkompetanse AS i full stilling som erstatning for sjukemeldte.

Totalt er det 5 faste tilsette i Gloppen barnevernteneste per 31.12.2024. Organiseringa i tenesta er etter «generalistmodellen» der alle må pårekne seg arbeid med ulike typar saker og ulike fasar i ei sak. Vi har likevel skilt ut område fosterheim der ein tilsett har eit ekstra ansvar for å følgje opp.

I juni 2024 slutta leiar i tenesta, og ny leiar var på plass frå 01. oktober same år.

Gloppen kommune var fram til 31.12.2024 vertskommune for Familieteam (tidlegare heimebasert tiltak). Teamet bestod av to stillingar og Stryn kommune var samarbeidspart.

Avtala vart sagt opp 31.12.2024 av Stryn kommune og familieteamet jobba frå hausten av med å avslutte sakene sine i dei respektive kommunane. Avtala vart avslutta på ein god måte.

Akuttberedskaper vert ivaretatt gjennom eit samarbeid med Stryn og Stad. Stad er vertskommune. Kvar av kommunen bidreg med to medarbeidarar som deler på vaktene. Kvar vakt er på ei veke.

Kompetanse i tenesta

Dei 3 faste saksbehandlarane har relevant grunnutdanning og vidareutdanningar (barnevern, vurdering av barnets beste, Psykisk helse for spe- og små 0-4 og karriererettleiing) 1 tilsett har master i Helse og sosialfag – meistring og myndiggjering. Familierettleiar starta hausten 2024 på familierapeututdanning deltid i Bergen, med fullføring hausten 2026. Vikar på saksbehandling har grunnutdanning som sosionom og har i tillegg barnevernfagleg erfaring. Den tilsette på tiltak i 30% stilling har utdanning som sjukepleiar. Leiar har relevant grunnutdanning med vidareutdanning i tverrfagleg psykosialt arbeid med barn og unge. Leiar tek også master samhandling og folkehelse på deltid, og har elles ei bachelorgrad frå Handelshøgskolen i BI.

Barneverntenesta innfrir i stor grad dei kompetansekrava slik det er i dag.

I tillegg har saksbehandlarane kompetanse i høve ulike rettleiing og kartleggingsmetoder (Crowell, International Child Development Programme (ICDP - foreldrerettleiing), Working Model of the Child (WMCI – intervju kring foreldre sin arbeidsmodell av barnet) og EuroADAD (screenings intervju))

Familieteamet i 2024 bestod av Marte Meo som evidensbasert rettleiingsmetode. WMCI og ICDP vart også nytta metodar i rettleiingsarbeidet. I slutten av 2024 fullførte ei av dei tilsette PMTO utdanninga og vart PMTO-terapeut. Denne stillinga går over til Stryn etter samarbeidet vart avslutta. Gloppen barnevernteneste planlegg for neste år å starte opp med PMTO utdanning av eigen tilsett.

Kurs/ opplæring

Barneverntenesta har fokus på å delta på opplæringer i regi av Statsforvalter og Bufetat / Bufdir. Dette er opplæring som i stor grad er relevant for arbeidet og medfører lite kostnader for kommunen.

Ein del opplæring skjer i lag med dei andre hjelpetenestene i Familiehuset.

Barneverntenesta har også prioritert å ha tilgang til «Veilederen» frå Visma Smartskill. Her er det opplæringsvideoar, høve til å spørje jurist og oppslagsverk knytt til lovanvendelse. Programmet er godt eigna for å halde seg fagleg oppdatert, men har vore for lite nytta av saksbehandlarane så langt.

Det er elles ein del opplæringar/ kurs som er mogeleg å ta digitalt (for eksempel Familieråd). Dette har tenesta nytta seg av då det medføre lite kostnader i høve reising, men også i bruk av arbeidstid.

I Familieteamet har det vore prioritert med kompetanseheving på rettleingsmetoder som er evidensbaserte. Slik kompetanseheving er omfattande og krevjande.

Fagprogram

Barneverntenesta har sidan 2006 nytta Familia som fagprogram. I 2024 signerte kommunen avtale med Netcompany for kjøp av nytt fagsystem som heiter Modulus.

Innføringa av Modulus bestod av tett samarbeid med IKT Nordfjord, Nordfjordnett og Netcompany, i tillegg til nært samarbeid mellom dei ulike avdelingane i kommunen innafor arkiv, økonomi, IKT og øvre leining. Tidsmessig har dette vore krevjande for tenesta då det har gått med mykje tid til å sette seg inn i og delta i dei ulike prosessane. Tenesta har delteke på fysiske samlingar for opplæring i bruk av fagprogrammet. Det har gått med mange arbeidstimar knytt til for- og etterarbeid og rydding av data ved migrering av sakene frå Familia til det nye systemet. Vidare er rutinar knytt til arkivering, behandling av inn og utgåande post og økonomi har blitt endra.

Modulus har fyrst oppstart våren 2025.

Student

Barneverntenesta forsøker å ta imot student frå januar til mai årleg. Studentane kjem frå Høgskulen på Vestlandet (HVL). I 2024 var det derimot ingen studentar i praksis hjå oss.

Meldingar

Barneverntenesta er avhengig av informasjon frå andre instansar for å kome i kontakt med barn og familiar som treng hjelp. Kven som helst kan melde bekymring for eit barn. Privatpersoner kan gi melding anonymt, enten muntlig eller skriftlig. Offentleg tilsette må melde skriftleg og kan ikkje vere anonym.

Alle offentleg tilsette, samt ei rekke yrkesutøvarar med profesjonsbestemt taushets plikt, har plikt til å gi opplysningar til barnevernet når dei er bekymra for at barn / unge lever under alvorleg omsorgssvikt eller har alvorlege åtferdsvanskar. Opplysningsplikta går føre taushets plikta.

Mindre alvorlege bekymringar krev samtykke frå føresette før melding kan sendast.

Det er eit stadig behov for å jobbe med at andre instansar i kommunen forstår meldeplikta og nyttar denne på ein rett måte i høve familiar.

Barneverntenesta nyttar også Nasjonal portal for bekymringsmelding slik at det er enkelt for både privatpersonar og offentleg tilsette å sende melding.

Tal meldingar

2022	2023	2024
50	47	123

Året 2024 hadde ein tredobling i tal meldingar, noko som har vore krevjande for tenesta å behandle. Ressursane i tenesta har i utgangspunktet ikkje hatt nok årsverk tilgjengeleg til å handtere det store talet. Alle meldingane har likevel blitt behandla innan fristen på ei veke.

I Juni 2024 kom det inn 26 meldingar, noko som var utfordrande med tanke på ferieavvikling og få tilsette på dette tidspunktet.

Barnevernstenesta skal snarast, og seinast innan ei veke gå gjennom innkomne meldingar og vurdere om meldinga skal følgast opp med undersøking. Når meldingar vert lagt bort skal dette grunngjevast.

Type meldar.

Tabellen er ikkje oppdatert med 2024 tal fordi det har vore overgang til nytt fagssystem. Tala gjev likevel eit bilde av kven meldingane til Barnervernet kjem ifrå.

	2021	2022	2023
Skule (alle trinn)	6	7	1
Helsestasjon/skulehelse	7	4	6
Barnehage	3	1	0
Familiekontor	1	2	1
Politi	4	14	1
NAV	5	0	0
Barnevern	0	3	2
Psykisk helse	5	1	0
Mor/far/foresatte /private	0	11	8
Søknad		3	7
Helse Førde			6
NN			11

Undersøking

Dersom det ut frå bekymringsmelding er rimeleg grunn til å anta at det føreligger forhold som kan gi grunnlag for tiltak, så skal barnevernstenesta snarast undersøke saka. Undersøkinga skal ikkje gjerast meir omfattande enn formålet tilseier. Foreldre kan ikkje motsette seg at barnevernstenesta gjennomfører ei undersøking. Undersøkinga skal gjennomførast innan tre månader. I særlege tilfelle kan fristen forlengast til seks månader. Undersøkingar som ikkje gjennomførast innan frist må grunngjevast og rapporterast til Statsforvaltaren. Undersøkinga vert avslutta med vedtak om tiltak eller den vert lagt vekk.

Barnevernstenesta reiser alltid på heimebesøk til familien saka gjeld. Barnevernstenesta kan krevje å få snakke med barn(et) i einarom. Barnet skal få høve til å seie si meining utan foreldre til stades. Det blir også innhenta utfyllande opplysningar om situasjonen til barn og foreldre frå skule, barnehage, helsestasjon eller andre. Det skal ikkje hentast fleire opplysningar enn som krevst for å opplyse saka tilstrekkeleg. Undersøkinga avsluttast formelt med en rapport der barnevernstenesta oppsummerer si faglege vurdering av situasjonen. Rapporten vert gått gjennom med foreldre/føresette, og med barnet dersom alder og modenheit tilseier det.

Det vart gjennomført totalt 37 undersøkingar i 2024. Av desse vart 14 henlagt. Det har vore eitt fristbrot på undersøking på grunn av at det vart oppretta ny undersøking i same saka, der førre undersøking ikkje vart avslutta. Barnevernstenesta har ikkje hatt saker der fristen har blitt utvida i 2024.

Hjelpetiltak

Hjelpetiltak skal ha som formål å bidra til positiv endring hjå barnet eller familien. Hjelpetiltak kan som hovudregel berre settast i verk dersom familien samtykker, men Barnevern og helsenemda kan gjere vedtak som pålegg foreldre å ta i mot hjelpetiltak.

I kvar sak kan det vere fleire hjelpetiltak parallelt. Til dømes kan det vere foreldrerettleiingstiltak på same tid som barnet har besøksheim og oppfølging av Barne og ungdomspsykiatrien. Tiltaka kan vere av ulik varigheit og vere i samarbeid med fleire instansar.

Ved bruk av hjelpetiltak til barn og familiar, er barnevernstenesta pålagt å ha ein tidsavgrensa tiltaksplan. Barnevernstenesta skal fylgje nøye med på korleis det går med barnet og foreldrene, og vurdere om hjelpa verkar etter hensikta. Tiltaksplanen skal evaluerast jamleg i samarbeid med barn og foreldre. Det er svært viktig at barn, ungdom og foreldrene deira får medverke i eiga sak. Alle barn med tiltak frå barnevernstenesta har krav på ein tiltaksplan.

Det har vore gjennomført evaluering i berre to saker for 2024. Dette kan forklarast ut frå det tilgang på tilgjengeleg personell for dette året, i tillegg til arbeidet med det store talet bekymringsmeldingar og undersøkingar. Det har ikkje vore saker der Barneverns og helsenemda har pålagt hjelpetiltak i 2024.

Tal barn i hjelpetiltak totalt var på 18. Det var totalt 5 barn som venta på tiltak.

Fosterheim

Når barnevernstenesta/kommunen foreslår å overta omsorga for et barn, så er det Barnevern og helsenemda som vedtar omsorgsovertakinga. Barnevernstenesta blir da pålagt å utarbeide ein

omsorgsplan. Barnevern og helsenemda vedtek også omfanget av samvær mellom foreldre og barn, og korleis samværet skal gjennomførast gjennom plasseringa. Barnevernstenesta kan utvide samvær mellom barn og foreldre, men ikkje innskrenke det.

Barnevernstenesta skal følge med på situasjonen til foreldrene og tilby rettleiing og oppfølging.

I 2024 hadde kommunen 7 barn under omsorg, der eitt av desse var plassert av annan kommune. 3 av plasseringane er knytt til familie/nettverk.

Barneverntenesta er pliktig å besøke fosterheimen så ofte det er naudsynt og minimum 4 gangar i året. Når fosterbarn har vore plassert i same fosterheim i over 2 år kan barneverntenesta vedta at tal besøk reduserast til minimum 2 gangar i året.

Barneverntenesta har gjennomført oppfølging i alle fosterheimar i 2024. Der har likevel vore noko mangel på oppfølginga: I fyrste halvdel av 2024 mangla det tilsynsbesøk på eitt fosterborn. For andre halvår mangla det tilsynsbesøk på tre fosterborn. Eitt av disse fosterborna vart plassert i slutten av november 2024.

Bufetat avslutta si førsteårs oppfølging av fosterheimar i 2022. Kompetansen vart overført til kommunane. Ingen av Nordfjordkommunane har nok fosterheimar til å gjennomføre gruppebasert rettleiing i eigen kommune. Dette er difor eit samarbeidsprosjekt mellom Stryn , Stad og Gloppen.

Barn under omsorg

2022	2023	2024
6	5	7

Tilsynsbesøk

Kommunen skal føre tilsyn med kvart enkelt barn i fosterheim frå plasseringstidspunktet og fram til barnet er 18 år. Dette gjeld alle barn som er fosterheimsplassert i Gloppen uavhengig av kva kommune dei kjem frå. Tilsynet har som formål å sjå til at barnet får forsvarleg omsorg i fosterheimen. Tilsynet skal førast så ofte som naudsynt, men minimum 4 gangar i året.

I Gloppen er ansvaret for tilsyn lagt til barneverntenesta. Tilsynet vert utført av tilsette oppdragstakarar. I fyrste halvdel av 2024 mangla det tilsynsbesøk på eitt fosterborn. For andre halvår mangla det tilsynsbesøk på tre fosterborn.

Ettervern

Barneverntenesta skal tilby ungdommar som har hatt barnevernstiltak fram til fylte 18 år tilbod om ettervern. Oppfølging utover 18 år krev samtykke frå ungdommen sjølv. Retten til ettervern varer fram til 25 år.

Gloppen kommune hadde i 2024 ingen ungdomar på ettervern.

Akuttberedskap

Gloppen kommune deltek i felles beredskapsordning med Stad og Stryn sidan 03.04.2017. Ansvaret for drift av ordninga er lagt til Stad kommune v/einingsleiar barnevern.

Beredskapsvakta er telefonvakt fordelt etter ein 6 delt turnus. Vakta varer frå måndag til måndag og dekkjer kveld, natt og helg. Barneverntenesta deltek med to medarbeidarar i ordninga. Slik beredskapen er organisert i dag er det naudsynt at kvar kommune har medarbeidar som vil og kan bruke tid utanom arbeidstid til beredskap.

Ved å delta i dette samarbeidet stettar Gloppen kommune krava til forsvarleg beredskap utanom arbeidstid.

Ordninga er godt etablert og kjent. Alle kommunane har informasjon liggande på sine nettsider. I tillegg er det sendt ut informasjon til alle relevante instansar i området, uavhengig av eigartilhøve. Alle fosterforeldre knytt til dei aktuelle kommunane er informert skriftleg. Det er lagt ut informasjon på den nasjonale nettsida <http://barnevernvakten.no>

I 2024 har Stryn og Stad teke nokre vakter for Gloppen blant anna på grunn av nyttilsettingar. Gloppen har sett inn ein ny person inn i vaktordninga, det same har Stad. Kvar kommune har to personar kvar, som har vakt ca. kvar sjette veke gjennom året.

Det er registrert 61 kontakter til akuttberedskapen i 2024 (tal barn kontakten gjeld kan vere høgre dersom det gjeld fleire barn i ein familie). Dette er omtrent ei dobling frå året før.

Frå Gloppen var det 16 henvendingar til akuttberedskapen i 2024.

Oppringingane kjem frå private så vel som politi, legevakt, psykiatriteneste, private tiltak som er inne i familiar, helsesjukepleiar og integreringsteneste med fleire. Ingen av kontaktene førte til akuttvedtak etter barnevernslova.

Fleire saker kravde uttrykking eller meir enn ein telefon for å bistå i aktuell situasjon, men dei aller fleste kontaktene til akuttvakta vert løyst gjennom rådgjeving over telefon der og då, eller avtale om vidare oppfølging i ordinær arbeidstid. Dersom vakta er usikker på vidare handtering eller treng avklaring med lokal barnevernsteneste, har vakta mynde til å ta kontakt med nokon i barnevernstenesta i den aktuelle kommunen.

Familieteam (tidlegare heimebasert tiltak)

Det heimebaserte tiltaket som Gloppen er ein del av vart oppretta fordi Bufetat bygde ned sitt tiltaksapparat. Tiltaket kan kun aktiverast etter at barneverntenesta har undersøkt, kartlagt og gjort vedtak i sak.

Tiltaket har to stillingsheimlar. Tiltaket vart sagt opp av Stryn kommune i haust og vart avslutta frå den 31.12.24. Bakgrunnen for oppseiinga var at samarbeidet mellom dei to kommunane ikkje har fungert og at Stryn ønskjer å utvide sitt eige team. Gloppen har ikkje vore flinke nok til å utnytte tiltaket fullt ut. Stryn har nytta tiltaket meir og vore tydelegare på rolla som saksbehandlar, der dei ikkje driv noko form for rettleiing sjølve.

Bufetat overførte foreldrerettleiingsmetoden PMTO til kommunane i 22/23. Den fast tilsette tiltaksarbeidaren har delteke på denne opplæringa i 2024. Ho har i tillegg metoden Marte Meo som verktøy i rettleiinga.

I tillegg nyttar teamet metodar som ICDP (foreldrerettleiing), Emosjonsfokustert ferdighetstrening for foreldre (EFST) og Tuning in to kids (foreldrerettleiing).

Gjennom læringsnettverket til Gloppen, Stryn og Stad på tiltaksområde i 2021 – 2023 fekk ein sett fokus på kompetanseheving gjennom etablering av fagnettverk og rettleiing. Veileder er leigd inn på timebasis. I rettleiingsgruppa er Bremanger også komme til etterkvart. Kostnadane med rettleiing vert redusert då det vert delt på fleire kommunar.

Framover er det nok naudsynt med eit tydlegare skilje mellom saksbehandlar og tiltak for å sikre gode nok tenester til innbyggjarane. Gloppen vil auke opp ressursen på eige tiltaksteam no når Stryn gjekk ut av samarbeidet.

Deltaking i møter / samarbeid

Barneverntenesta samarbeider aktivt med andre instansar i enkeltsaker. Samarbeidsinstansane i kommunen omfattar skule, barnehage, lege, NAV, helsestasjon, psykisk helse, PPT, tannhelsetenesta, miljøarbeidertenesta og avlastninga.

I tillegg er Familiekontoret, BUP, politi/barnehus og vidaregåande skular viktige samarbeidsparter. Kven som er samarbeidande parter vil variere frå sak til sak og det er ikkje mogeleg å lage ei uttømmende liste. I plasseringssaker er Bufetat, fosterheimar og institusjon viktige samarbeidsparter.

Gloppen kommune er ein BTI kommune. Dette opplevast som eit viktig satsingsområde med tanke på at Gloppen kommune tidleg kan yte hjelp til familiar som strevar og slik kunne hindre at ein får mange og tunge saker med store omkostningar for den enkelte. BTI modellen høver også godt inn i forhold til staten sine føringar når det gjeld oppvekstreforma.

Barneverntenesta deltek i dag i tverrfaglege møter både rundt om på den enkelte skule/ barnehage, men også i dei tverrfaglege møta avdelingane på Grandane har med BUP. Elles er det deltaking i møter og forum som er aktuelle temamessig.

Barnevernstenesta bidreg med ein tilsett inn i foreldrerettleiingskurs i samarbeid med helsestasjonen. Kursa går etter modellen ICDP.

Skular og barnehagar har høve til å ta kontakt med barneverntenesta for anonyme drøftingar.

Leiar er for 2024 valt inn som vara i styringsgruppa for læringsnettverk i Vestland (med Statsforvalter). Avdelingsleiarane på Grandane har jamlege møter med tenesteleiar.

Nøkkeltal, ressursar og økonomi

Økonomi – KOSTRA, samanlikning med nabokommunar


	Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar (kr)			Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn i barnevernet (kr)			Delen netto driftsutgifter til sakshandsaming/drift (funksjon 244) (prosent)		
	2022	2023	2024	2022	2023	2024	2022	2023	2024
4647 Sunnfjord	2 934	2 743	2 760	261 787	279 932	293 615	37,2	42,7	35,6
4649 Stad	1 512	1 764	1 864	148 763	163 029	145 161	40,2	36,6	32,6
4650 Gloppen	1 892	1 906	1 741	171 462	198 158	187 855	36,1	38,1	46,6
4651 Stryn	1 419	1 501	1 714	114 222	131 506	118 189	43,5	43,9	48,3

Kjelde SSB tabell 12279

Rangering kommunebarometeret 2024 (basert på 2023 tal)

Sammenlikn med	Nabo
Gloppen	-10 # 32
Sunnfjord	+26 # 77
Bremanger	# 117 +35
Stad	# 127 +58
Stryn	# 134 +26
Kinn	# 162 +48

BUFDIR sin kommunemonitor – oversikt på grafar.





Kvalitet

Dette er indikatorer som angir særlig overholdelse av frister og lovkrav som gjelder for barnevernstjenesten, og som ofte vil følges opp som del av internkontrollen i kommunene. Indikatorene gir ikke informasjon om barn og familiers opplevelse av kvalitet.



Spredning



Stedets plassering



Verdi for Fylke

[Gå til detaljert oversikt](#)

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Fylke	Grafisk visning
<u>Barn med akuttvedtak pr. 1000 i barnebefolkningen (2024)</u>	..	1 pr. 1000	
<u>Barn i hjelpetiltak med tiltaksplan (2024 første halvår)</u>	92 %	96 %	
<u>Barn i hjelpetiltak med tiltaksplan (2024 andre halvår)</u>	92 %	96 %	
<u>Barn i hjelpetiltak med evaluert tiltaksplan (2024 første halvår)</u>	70 %	78,4 %	
<u>Barn i hjelpetiltak med evaluert tiltaksplan (2024 andre halvår)</u>	..	68,3 %	
<u>Fristbrudd i undersøkelser (2024 første halvår)</u>	..	21 %	
<u>Fristbrudd i undersøkelser (2024 andre halvår)</u>	..	16,8 %	
<u>Antall årsverk med fagutdanning per 1000 barn i aldersgruppen 0-17 år (2024)</u>	..	..	

Økonomi

Indikatorene under økonomi angir hvor mye ressurser den enkelte kommune bruker på tjenesten, både sett i forhold til antall innbyggere i barnebefolkningen og per barn i barnevernet.

  
Spredning Stedets plassering Verdi for Fylke

[Gå til detaljert oversikt](#)

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Fylke	Grafisk visning
<u>Utgifter til barnevern pr. barn i befolkningen 0-17 år (2024)</u>	8 233 kr	15 709 kr	
<u>Utgifter pr. barn i barnevernet (2024)</u>	187 855 kr	268 376 kr	
<u>Utgifter pr. barn som bor utenfor hjemmet (2024)</u>	515 429 kr	701 614 kr	
<u>Utgifter pr. barn som får tiltak i hjemmet (2024)</u>	91 567 kr	82 100 kr	
<u>Andel av barnevernsutgiftene som går til saksbehandling (2024)</u>	46,6 %	34,3 %	
<u>Andel av kommunens totale utgifter som brukes på barnevern (2024)</u>	1,9 %	3,9 %	

Bakgrunnsinformasjon

Disse variablene gir et bilde av status i kommunen knyttet til blant annet befolkningssammensetning og levekår. Slike bakgrunnsforhold vet vi påvirker behovet for barneverntjenester, og de kan dermed sette de øvrige indikatorene inn i en større sammenheng.

  
Spredning Stedets plassering Verdi for Fylke

[Gå til detaljert oversikt](#)

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Fylke	Grafisk visning
<u>Barn i befolkningen (2025)</u>	21,2 %	20,3 %	
<u>Andel i befolkningen med utdanning utover grunnskole (2023)</u>	79,1 %	77,9 %	
<u>Enslige forsørgere med barn under 18 år (2024)</u>	13,2 %	14,8 %	
<u>Barn som bor i lavinntektsfamilier (2023)</u>	..	..	
<u>Utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste pr. innbygger 0-17 år (2024)</u>	4 996 kr	4 759 kr	
<u>Barn med bekymringsmelding i forhold til barnebefolkningen (2024)</u>	2,9 %	3,5 %	

Oppsummering

Ser vi på meldingar og saker til barnevernet så har dette vore stabilt fram til 2024. I 2024 har det vore ein kraftig auke i bekymringsmeldingar som har kravd mykje ressursar av barneverntenesta. Med omlegging til nytt fagsystem frå hausten 2024, samstundes som tenesta har behandla akuttsaker og tilrettelagte avhør, har året vore svært krevjande for dei tilsette. Omlegging til nytt fagsystem gjer og at vi ikkje har fått ut statistikk på kven som melder til barnevernet.

På saksnivå er sakene komplekse og krev stor innsats over tid for å skape tilfredsstillande oppvekstvilkår for barna. Komplekse saker stiller og store krav til samarbeid med andre instansar slik at ein kan utnytte ressursane på ein god måte og få gitt rett hjelp. Barneverntenesta må heile tida vurdere om vi har rett og god nok kompetanse i høve dei krav som vert stilt til ei forsvarleg teneste.

2024 har vore eit krevjande år for Barneverntenesta. Ser vi på statistikken så har vi brukt lite pengar på barnevern, dette er endra no inn i 2025 då vi har tilsett ei fast stilling til frå 1. mai i år. Utviklinga i sakene syner at det er stort behov for det. Vi må byggje kompetanse og erfaring i tenesta.

Ser vi på bakgrunnsinformasjonen så er Gloppen ein kommune som i befolkningssamansetjing og levekår er rimeleg på snitt med Vestland fylke. Vi ligg nær på mykje av statistikken. I kommunebarometeret så scorar vi godt, sjølv om det nok vil endre seg med 2024 tala.

Vi har eit godt fungerande akuttsamarbeid med Stad og Stryn og samarbeider godt med nabokommunane på andre område og.

På bakgrunn av korleis situasjonen var hausten 2024 med mykje saker, bemanningsutfordringar og ny leiar har kommunen hatt eit dialogmøte med Statsforvaltaren i mars 2025. Der var kommunen representert med varaordførar, utvalsleiar, kommunedirektør, kommunalsjef og barnevernsleiar. Det var eit godt møte der vi fekk drøfta igjennom ulike sider ved barnevernet basert på ei risikovurdering Statsforvaltaren har gjort. Gloppen har og fått tilbod om og har takka ja til å delta i ei rettleiingsordning (Veiledningsteam) 2025 – 2027 i regi av BUFDIR. Det vil vere ein utviklingsprosess som går over to år med oppstart 2025 og som skal inkludere politisk nivå i tillegg til administrativ leiing.

Utvikling i type saker, så ser vi fleire og fleire foreldrekonfliktsaker som er komplekse og som er vanskelege å samarbeide rundt, dei hamnar ofte mellom ulike lovverk og instansar som er inne i dei. Korleis kan vi som kommune jobbe med desse sakene i ein tidleg fase. Vi har og saker der store delar av kommunen er involverte og det er vanskeleg å kome vidare i. Korleis kan vi jobbe vidare med dette. Det er ikkje slik vi ser det no noko over representasjon i høve etnisk bakgrunn i tal saker. Vi kan av og til reflektere over om det likevel er lettare å melde frå til Barnevernet i saker som gjeld familiar med anna etnisk bakgrunn. Det skal ikkje vere slik i alle fall.

Er vi flinke nok til å kommunisere med aktuelle familiar vi er bekymra over i ein tidleg fase. Det er krevjande å sjå og ta det opp både for oss som innbyggjarar og som profesjonelle i eit yrke. Vi lever og bur i eit samfunn som er på mange måtar oversiktleg og gjennomsiiktig som kan gjere at terskelen for å bry seg er for høg.

Vi har ikkje noko statistikk for 2024 på kven som melder til barnevernet. Det er fordi det er omlegging i fagprogram som gjer det meir utfordrande å hente ut den statistikken. Den vil vi kome tilbake til neste år. Vi ser likevel av historisk statistikk at barnehagane, skulane, legane og dei som jobbar med personar som slit med rus er dårleg representert på dei som melder til barnevernet. Det må vi ta med oss i opplæring og informasjon.